

HØLE SFO

2024/2025



Sideoversikt

Personalet

Kvalitetsutvikling

Formålet med verksemda Side 3

SFO i eit fritidsperspektiv og dei vaksne si rolle

Styring og samarbeid..... Side 4

Samarbeid med føresette

Forventningar til føresette

Forventingar til personalet Side 5

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Verdiar og haldningar ved Høle SFO

Den viktige leiken Side 6

Måltidsglede

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede Side 7

Kultur

Vekeplan Side 8

Ferier og planleggingsdagar..... Side 9

Tilbod og kjøp av ekstra dagar når barna har skuleferie/fri Side 10

Høle SFO er ope frå klokka 7 og stengjer klokka 16.30. I skulen sine feriar kan me ha redusert opningstid.

I skuleåret 2024/2025 vil SFO vere ein bortrepllass for 27 barn.

PERSONALET I SFO

Anne Brit Fisketjøn

Ute Kissmann

Kirsten Marie Fløysvik Seldal

Camilla Ueland Torp

Mona Øvregård

KVALTIETESUTVIKLING

Skulen jobbar med kvalitetsutvikling i SFO gjennom å arbeide med Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar i forhold til rammeplanen. Kvalitetsforbetrande tiltak er at ein setter av tid til møter der ein reflekterer over faglige og etiske spørsmål i tilknyting til rammeplanens verdiar og innhald. Me vaksen skal lytte og ta omsyn til det barna sjølv seier om si oppleveling av fellesskapet i SFO.

Eit par gonger i året vil barna gjennomføre ein undersøking om korleis dei har det i SFO. Dette for at me vaksne skal få nødvendig innsikt i barnas relasjonar og trivsel. Er det barn som svarar at dei ikkje opplever gode relasjonar eller ikkje trives så godt i SFO kan me gjere noko med dette.

FORMÅLET MED VERKSEMDA

Målet for arbeidet i Skulefritidsordning er forankra i Rammeplan for SFO, statlige dokumenter og Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Sandnes kommune.

Høle SFO er eit fritidstilbod for alle barn på 1. til og med 4. klasse og for barn med særskilte behov fra 1. til og med 7. klasse.

Barn som har takka ja til SFO vil ha plassen fram til 30.juni det året barnet går i 4.klasse. Det er 2 månadars oppseilingstid på SFO plass. Det gjeld òg dersom de skal redusere plassen.

Innhald og verksemnd skal bli prega av barna sitt behov for tryggleik og omsorg, og gi barna gode utviklings- og aktivitetsmuligheter med vekt på leik, barna sin eigen kultur og sosial læring.

Skulefritidsordninga skal i nært samarbeid med heimen og skulen sitt øvre personale gi barna muligkeit til ein positiv oppvekst i eit heilskapleg og stimulerande miljø.

SFO I EIT FRITIDSPERSPEKTIV OG DEI VAKSNE SI ROLLE

SFO forvaltar barna si fritid og skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barna har krav på tid og høve til å utvikle sjølvstende og evne til samhandling gjennom leik. Dette bør skje utan for sterke vaksenstyring. Me må gje barna høve til å ta ansvar for eiga fritid. Dette gjer me ved å sette av tid til fri leik, la barna bestemme sjølve kva dei ønskjer å gjere innanfor dei rammene me kan tilby, og ved å legge til rette for ulike aktivitetar. Hos oss er den frie leiken viktig. Barna skal få kome på SFO for å leike med vener utan for mykje vaksenstyring. Det skal vere eit pusterom mellom vaksenstyrt og organisert skuledag og de organiserde fritidsaktivitetane på ettermiddagen. Me vaksne observere, rettleiar, oppmunstrar og trøyster. Me blir godt kjent med barna dykkar, og finner fort ut kva ulike behov dei har. Nokon treng for eksempel ekstra rettleiing for korleis dei skal få innpass i leik med andre barn. Andre treng litt ekstra omsorg og trøyst, mens andre igjen glir gjennom SFO kvardagen utan for mykje innblanding frå oss vaksne. Me skal gje quart enkelt barn omsorg gjennom nærliek og å vere til stades, og ved formidle positiv haldning til barnet.

Me legg til rette for ulike aktivitetar, men barnet bestemmer sjølv om det vil delta eller ikkje. Eit resultat kan bli at nokon barn kjem heim med mykje julepynt, mens andre ikkje kjem heim med noko i det heile tatt. Hos oss kan barna velje å vere med i gymmen, sparke fotball i ballbingen, bake, sy, danse, strikke, male, perle, snekre og sjå film i filmrommet. Me har masse Lego, ein stor togbane, kjekke konstruksjonsleiker, dokker, teiknesaker, bøker og brettspill. SFO har òg nokon populære syklar som me tek ut tidleg på våren. I skulen sine feriar går me på tur til sjøen eller i skogen.

For oss er det viktig å skape eit godt, kjekt, allsidig, trygt og lærerikt leikearena for barna dykkar.

STYRING OG SAMARBEID

Høle SFO er ein del av drifta ved Høle skule, og rektor Arvid Strand er ansvarleg for skulefritidsordninga. SFO-leiar har derfor rektor som sin nærmeste overordna.

- Å skape ein trygg og god overgang frå barnehage til skule/SFO er viktig. Tidlig vår har barnehagen og skule/SFO eit overføringsmøte. Her fortel barnehagen litt om dei ulike barna og barnegruppa. SFO invitera føresette og barn på lapskaus i mai/juni. Her kan barna bli litt kjent med oss vaksne og lokalane våre, mens føresette kan få svar på det dei lurer på.
- Ved å samarbeide med lærar og sosiallærar kan me vaksne få ein meir heilskapleg og litt djupare forståing for barna generelt og individuelt.

- SFO-leiar deltar i ressursgruppa på skulen saman med Spes.ped- koordinator, rektor, avdelingsleiar, PPT, helsejukepleiar og sosiallærar.
- SFO-leiar har møter med rektor, avdelingsleiar og kontorsekretær ein gong i veka.
- SFO har jamleg personalmøte.
- Kvar månad deltek SFO-leiar på nettverksmøte i lag med 6 andre SFO-leiarar i kommunen.

SAMARBEID MED FØRESETTE

SFO ønske eit tett samarbeid med foreldra/føresette. Det er dei som kjenner barna best, samstundes som me opplever barna i andre situasjonar. Det er viktig at De hjelper oss med informasjon, og me ser gjerne at De tek ein telefon sånn at me kan snakke om korleis dykkar barn har det.

FORVENTNINGAR TIL FØRESETTE

Me ønske at De som foreldre skal vise interesse for verksemda i SFO, og følgjer med på korleis dykkar barn har det der.

Det er fint om De kan seie i frå dersom det skjer noko spesielt i familien eller heime som kan påverke barnet.

Barn som er sjuke skal vere heime. SFO er ikkje ein god plass å vere når ein er sjuk. Sjuke barn kan òg utsette andre barn for smitte.

SFO må alltid få beskjed dersom barna ikkje skal kome som vanleg ein eller fleire dagar! Me sender ut brev når det er skulefri, men der SFO har opent. Her ber me Dykk foreldre om å svare oss så fort som muleg på om barna dykkar kjem på SFO desse dagane, eller om dei skal ha fri. Dette er viktig fordi me då kan sette inn den rette og forsvarlege bemanninga dei ulike dagane. Melder mange born seg på, så må me vaksne jobbe nokre ekstra timer kvar dag. Melder få born seg på nokre dagar, kan me spare desse vikarkronene og heller bruke dei på dei dagane det kjem mange barn.

Foreldre må sjå til at barna alltid har skifteklede og sko til bruk inne. NB! Kleda må merkast. De må òg skrive namn på matboksar og vannflasker.

FORVENTNINGAR TIL PERSONALET

- De kan forvente at me tek barna dykkar på alvor, viser interesse, forståing og omsorg.
- Personælet skal ha tilsyn med barna sånn at me grip inn ved erting, farleg eller hardhendt leik.

- Personalet skal gje tilbakemelding om korleis barna har det i SFO, og tek kontakt med foreldre/føresette dersom det har skjedd noko som uroar oss eller barna.
- Personalet skal følgje opp beskjedar og sende barna til skule og heim som avtalt.
- Foreldra/føresette skal bli kontakta dersom barna ikkje møter som avtalt.
- Personalet skal vere lojale ovanfor foreldra/føresette.
- De skal vere trygge på at personalet overheld teieplikta.

FORELDRERÅDET SITT ARBEIDSUTVAL (FAU)

Kwart år må me ha ein foreldrerepresentant og ein vararepresentant frå SFO til styre i FAU. Føresette vil bli spurt etter tur, og ein satsar på at nokon stiller opp på dette.

VERDIAR OG HALDNINGAR VED HØLE SFO

På SFO gjeld dei same ordensreglane som på skulen. Nokon punkter kan me sjå bort i frå, som for eksempel dei fleste punkta under «Reglar som fremjar læring».

I Høle SFO er me særstakkt oppmuntret til inkludering, mangfald, sjølvstilling og respekt. Det er naturleg for SFO å arbeide ut frå desse grunnleggjande verdiar. Dette vil vere med på å prege dei daglege aktivitetane som til dømes på den måten me møter barna på.

Det er viktig at barna kan få uttale seg om forhold som gjeld dei, og synspunkta til barna skal vektleggast. Me legg stor vekt på at barna skal behandlast med respekt og at me skal lytte til kva barna har å sei slik at dei opplever medråderett. Likeverd og likestilling er viktige omgrep i møte med barn, og me jobbar for at barna skal internalisera desse verdiane. Barna skal føle seg verdsette og trygge, samstundes som me vil at dei skal få nye utfordringar og bli meir sjølvstendige.

SFO skil seg frå barnehagar ved at barna får større ansvar for arbeidsoppgåver og aktivitetar. Me ønskjer å vere eit tilbod til barna som dei sjølv fyller med innhald og mening, og dermed skaper sin eigen barnekultur utan for mykje styring av vaksne. Barna har derfor sjølv ansvar med å fylle tida i SFO. Nokon vel å slappe av, andre vil leike i grupper og nokon vil vere med dei vaksne. Nokon vel å kjede seg, men nyttige er desse stundene òg for da arbeider som kjent sjela!

Dei vaksne skal vere til stades for å legge til rette, observera og vise omsorg. Dei skal sørge for at alle barn blir inkludert, opplever vennskap, trivsel og tryggleik.

DEN VIKTIGE LEIKEN

Når barn leiker utviklar dei sitt sosiale samspel gjennom å ta initiativ, kunne inngå kompromiss i konfliktar, sette ord på eigne- og andre sine følelsar og ikkje minst kunne

skilje leik frå anna aktivitet. Det å kunne gå ut og inn av leiken, vise humoristisk sans og ta initiativ til moro, er viktige sosiale ferdigheter. Barn som får leke fritt, utan stadig innblanding og hjelp frå vaksne, vil oppleve fleire mestringar. Dei lærar å ordne opp i problema og konfliktar sjølv. Barna vil da oppleve å føle seg vellykka, noko som har mykje å sei på sjølvfølelsen og utviklinga av eigen identitet. Leiken er den mest føretrekte måten å finne ut korleis dei best kan leve ute i verden.

Gode vilkår for leik og utfolding under trygge forhold skaper trivsel og grunnlag for god utvikling! Fordi leiken er så viktig for barn, må den skjermast og dyrkas, gis tid, ro og plass. Dette får konsekvensar for organisering av SFO-dagen.

MAT OG MÅLTIDSGLEDE

Kvar dag serverar me mat i SFO. Barna får vere med å forberede maten viss dei vil. Å skrelle poteter/gulrøter og å dekke på bordet, er kjekt å hjelpe til med.

SFO prøver å servere næringsrik og sunn mat. Ein dag i veka serverer me fisk. Det kan vere fiskekaker, fiskepinne eller laksefilet. Kjøttkaker med kokte poteter og brun saus, pølselapskaus, pizza og pastaform er populær SFO mat. Me serverer alltid grønsaker eller salat til måltida, og me føretrekker å bruke sunnare alternativ som fullkornspasta og karbonadedeig i matlaginga vår.

Det skal vere ein fin stund rundt bordet under måltida. Barna har faste plasser og dei vaksne hjelper til med å skape ro og inkludere alle i det sosiale samspelet under måltida. Ein dag i veka har me bakegruppe der barna får ta med seg bakverket heim.

FYSISK AKTIVITET OG BEVEGELSESGLEDE

Å vere aktiv er viktig. Det å få økt puls og kanskje sveitte litt gjer godt for kroppen. I vår SFO har me kjekke uteområdet som inviterer til variert fysisk aktivitet. Å ha tikken, fotballkamp, sykle om kapp og å hoppe tau får pulsen til å auke. Den frie leiken ute får alle barn i fysisk aktivitet. Dei organiserte aktivitetane kan òg vere med på å skape bevegelsesglede. I vår SFO er me aktive i ballbingen, i gymnastikkalen, på tur og i dans.

Tysdagar har me turgrupper før måltidet. Me kan òg bruke turdagen i ballbingen eller i gym salen dersom den er ledig. Torsdagar er me i musikkrommet og har danseleik eller songleikar. Er dansegleda stor i barnegruppa, vil me øve på ein dans som me viser fram på Hølekvelden i februar. Å vere med på dette er valfritt. *Frå veke 35 og fram til haustferien vil to dansepedagogar frå Sandnes kulturskole besøke oss på torsdagar* med prosjektet *Dans, Lek og bevegelse*. Dette vil vere obligatorisk, så me håper at føresette vil oppmuntre og forklare dette til barna sine ☺

Etter måltidet på måndagar har 3. og 4. klasse klubb. Då er dei i mediateket. Her kan dei spele bordtennis, brettspel, biljard eller leike seg på Chromebook.

KULTUR

Måndag og onsdag har me formingsaktivitetar. Det kan vere det å strikke, sy, hekle, perle, male, lage pynt til Halloween, julepynt og påskepynt. Me brukar Pinterest mykje og får varierte og kreative idear her i frå. Sidan vår SFO ikkje tvingar nokon til å gjere noko dei ikkje har lyst til, kan det vere at ditt barn sjeldan kjem heim med noko dei har laga.

Onsdagar er det sløydgrupper. I sløydrommet kan dei få bruke fantasien og vere kreative med å få lage det dei vil.

Torsdagar besøker me biblioteket. Då les dei vaksen høgt for barna mens dei kan teikne eller fargelegge.

Fredagar kan barna oppleve kultur i form av film i kinosalen på skulen. Her lærer dei seg å sitte fint og vere rolig under filmframstillinga.

VEKEPLAN

Klokka	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Rett etter skuletid	Fri leik	<i>Bakegruppe</i>	Fri leik	Fri leik	Fri leik
Klokka 14-14.30	Måltid	Måltid	Måltid	Måltid	Måltid
Klokka 14.30 -15.30	<i>Formings-aktivitetar Klubb</i>	<i>Tur/gym/</i>	<i>Sløydgruppe/Forming</i>	<i>Dans/song/bibliotek</i>	<i>Film i Kino rommet</i>
Klokka 15.30-16.30	Fri leik	Fri leik	Fri leik	Fri leik	Fri leik

SKULEFRI

- [Haustferie 7. – 11. oktober](#)
SFO har ope i heile haustferien.
- [Juleferie 23.desember – 3.januar](#)
SFO har ope alle virkedagar, men stengt julaftan og nyttårsaftan.
- [Vinterferien 24. –28. februar](#)
SFO har ope heile vinterferien.
- [Påskeferien 14. – 22.april](#)
SFO har vanleg opningstid måndag 14.april og tysdag 15.april, mens me stengjer SFO kl.12.00 onsdag 16.april. Tysdag 22.april har skulen og SFO planleggingsdag.
- [Offentlege høgtidsdagar:](#)
Torsdag 1.mai
Torsdag 29.mai
Måndag 9.juni
- [SFO sine planleggingsdagar](#)
 - Måndag 12. august 2024
 - Fredag 15. november 2024
 - Tysdag 22. april 2025

SFO har sin siste dag før sommarferien fredag 4.juli og held sommar stengt i vekene 28, 29, 30 og 31.

Tilbod i skulen sine feriar og fridagar til dei med delt plass (1. 2. og 3.klasse)

Veve 31:	3 dagar
Veve 32:	2 dagar
Veve 33:	Må kjøpe heildagen 13.august
Veve 41:	2 dagar
Veve 52+1 (23. -3.des. + 2.-3.jan.):	2 dagar
Veve 9:	2 dagar
Veve 16:	1 dag
2.mai og 30.mai:	Må kjøpe disse dagane
Veve 26:	2 dagar
Veve 27:	2 dagar

Føresette kan kjøpe ekstra dagar på heildags SFO. I påmeldingar for heildags SFO vil dei ekstra dagane som blir ført opp vere bindande og bli fakturert i etterkant. Prisen for ekstra dag er kr. 300,-.

Ta gjerne kontakt på e-post mona.ovregard@sandnes.kommune.no,
holesfo@icloud.com, Transponder eller på mobil 904 73 357 dersom det er noko dykk lure på.

Bruk heimesida vår. Der legg me ut kjekke bileter, månadsmeny og anna nyttig info:
www.minskole.no/hole